

## **SAK 04/10 VAL AV REPRESENTANT TIL HALLINGDAL UNGDOMSRÅD**

### **Saksopplysning**

I sak 44/09 handsama Regionrådet for Hallingdal oppretting av Hallingdal Ungdomsråd (HUR). Det vart gjort slikt vedtak:

- Regionrådet for Hallingdal støttar opprettinga av Hallingdal Ungdomsråd (HUR).
- Regionrådet for Hallingdal rår til at Regionrådet sitt årlege budsjett blir styrka med eit årleg beløp til drift av HUR, for 2010 kr. 80.000.
- Rekneskap skal sendast Regionrådet innan 15.februar påfølgande år.
- Dagleg leiar i Regionrådet skal saman med HUR utarbeide forslag til arbeidsform mellom HUR og Regionrådet.

Regionrådet sitt budsjett er styrka med kr. 80.000 til drift av HUR for 2010.

Etter at Hemsedal kommune no har etablert kommunalt ungdomsråd har alle kommune i Hallingdal kommunale ungdomsråd.

Det er no klart for stifting av Hallingdal Ungdomsråd, som skal skje 8.2.2009, sjå vedelegg 1. HUR vil bestå av 2 medlemmer frå kvart ungdomsråd i Hallingdal, i tillegg er det ynskjeleg at Regionrådet for Hallingdal har ein representant i HUR.

### **Forslag til vedtak**

.....er valt til Regionrådet for Hallingdal sin representant i Hallingdal Ungdomsråd, for perioden 2010-2011.

Ål 28.1.2010

Knut Arne Gurigard

Vedlegg: Innkalling til møte i Hallingdal Ungdomsråd.

**INNKALLING TIL MØTE I HALLINGDAL UNGDOMSRÅD  
(HUR)  
GOL KOMMUNEHUS  
8 FEBRUAR 2010  
KL 15.00 TIL 17.00  
MØTEROM 345**

**Sakliste**

Velkommen ved sekretær for rådet Kjetil Th. Storebråten

Sak 1. Konstituering (val av leiar, nestleiar )

Sak 2. Orientering om mandat, organisering og retningslinjer for HUR. Orientering ved sekretær Kjetil Th. Storebråten.

Sak 3. Profilerings av ungdomsrådet. Korleis gjera HUR synleg?

Sak 4. Trygt heim for ein 50 lapp. Orientering om ordninga og dei nye endringane. Synspunkt på tilbodet.

Sak 5. Busskort for skoleungdom i Hallingdal. Drøfting av kollektivtilbodet til ungdom i dalen.

Sak 6. Bråk i Gol sentrum. Kva kan HUR gjera for å gjera Gol sentrum trygt for ungdommar frå heile dalen som kjem dit på kveld og helgar?

Sak 7. Ungdomsrådskonferansen på Torpomoen 9 til 10 april 2010. Innspel til program og opplegg.

Sak 8. Kursdag for ungdomsråd hausten 2010. Kva tema, kvar skal det vera, og kva blir opplegget?

Sak 9. Korleis få til eit Ungdommens fylkesting i Buskerud?

Sak 10. Felles ungdomsarrangement for alle kommunane i Hallingdal. Gode idear og forslag til om HUR skal dra i gong noko.

**SAK 04-09, VEDLEGG 1**

Sak 11. Studietur til Ärjeng i Sverige for HUR?

Sal 12. Kulturkortet- info om kortet

Sak 13. Eventuelt

Har du saker du ynskjer å ta opp på møtet ta kontakt med sekretær for Hallingdal Ungdomsråd:

Kjetil Th. Storebråten

Mail: [kjetil@gol.kommune.no](mailto:kjetil@gol.kommune.no)

Tlf: 90821745

Tlf: Kontor: 32029041

*Alle som deltek i HUR har rett på fri utan fråvær frå skulen*

Velkommen